

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje i fylkeshuset
Dato: 15.03.2017
Tidspunkt: 11.00-15.05

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	Møtte frå kl. 11.50
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Jon Askeland	Medlem	Sp
Marthe Hammer	Nestleiar	SV

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Parti
Mette Heidi Ekrheim	Jon Askeland	Sp
Einar Horvei	Marthe Hammer	SV

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar transportplanseksjonen/stedfortredar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Sølve Sundbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Kaisa Tonheim Banne	Rådgjevar Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 30/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 31/17	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 32/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 13/17	Sykkelparkering og tørkerom - vidaregåande skular	2017/2045	
RS 14/17	Tiltak på Fv. 57	2017/938	
RS 15/17	Belønningsordninga - Årsrapport 2016	2014/10571	
RS 16/17	Krava til køyre og kviletid for bussoperatørane	2017/938	
RS 17/17	Organisering av store samferdselsprosjekt	2017/895	
RS 18/17	Sykkelbyen Stord - ein statusrapport	2015/3680	
RS 19/17	Svar på spørsmål om ansvar for økonomiske tap ved urettmessig beslaglegging av førarkort	2017/938	
RS 20/17	Sykkelbyen Bergen - Årsrapport 2016	2015/3680	
PS 33/17	Handbok N100 Veg- og gateutforming- Høyring	2016/35148	
PS 34/17	Belønningsordninga - søknad om auka økonomiske rammer for 2017	2014/10571	
PS 35/17	Retningslinjer for fartsdempande tiltak i kollektivtrasear	2014/1626	
PS 36/17	Miljøprogram 2017	2017/241	
PS 37/17	Omklassifisering av eksisterande strekningar på E134 i samband med bygging av Stordalstunnelen i Etne kommune - ny høyring	2014/10276	
PS 38/17	Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg	2015/2154	
PS 39/17	Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2016	2014/278	
PS 40/17	Søknad frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg	2016/34511	
PS 41/17	Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s - søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik	2016/9963	
PS 42/17	Prinsippsak om val av standard på gang- og sykkelveg etter rekkefølgjekrav	2015/4672	
PS 43/17	Fråsegn til søknad frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om ruteløyve for strekninga Bergen - Lillehammer	2016/34613	
PS 44/17	Ymse		

PS 30/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 31/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Vedtak

Møteprotokollen frå møte 21.02.2017 vart godkjend utan merknader.

PS 32/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

I samband med RS 13/17 «Sykkelparkering og tørkerom - vidaregåande skular» etterspurde **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** nærare informasjon kva for kriterium som er lagt til grunn for kva for skular som får sykkelparkering og tørkerom, og kva kriterium som er rangert høgast. Klima- og naturressurssjef Sølve Sondbø svarte på spørsmålet. Det vil kome meir informasjon i eit seinare møte.

I samband med RS 14/17 «Tiltak på Fv. 57» bad **Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** om at det vert svart på brevet som ligg i meldinga. Fylkesdirektør samferdsel stadfesta at dette vil verte gjort.

I samband med RS 17/17 «Organisering av store samferdselsprosjekt» spurde **Gustav Bahus (Frp)** om kva som er rekna som «stort». Fylkesdirektør samferdsel svarte på spørsmålet.

PS 33/17 Handbok N100 Veg- og gateutforming- Høyring

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner det er positivt med ein ny revisjonsrunde for handbok N100. Samstundes er det viktig at handboka blir nytta fleksibelt der det vert teke omsyn til nullvekstmålet for personbiltrafikken i byområda, kostnadseffektive løysingar og lokale forhold.
2. Fylkesutvalet vedtek høyringsuttale i samsvar med fylkesrådmannen sine vurderingar i saksframlegget.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner det er positivt med ein ny revisjonsrunde for handbok N100. Samstundes er det viktig at handboka blir nytta fleksibelt der det vert teke omsyn til nullvekstmålet for personbiltrafikken i byområda, kostnadseffektive løysingar og lokale forhold.
2. Fylkesutvalet vedtek høyringsuttale i samsvar med fylkesrådmannen sine vurderingar i saksframlegget.

PS 34/17 Belønningsordninga - søknad om auka økonomiske rammer for 2017

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til søknaden om 112 mill. kr. ekstra belønningssmidlar for 2017, frå 28.2.1017.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet sluttar seg til søknaden om 112 mill. kr. ekstra belønningssmidlar for 2017, frå 28.02.1017

PS 35/17 Retningslinjer for fartsdempande tiltak i kollektivtrasear

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser positivt på at det er etablert retningslinjer for fartsdempande tiltak i kollektivtrasear.
2. Fylkesutvalet ber om at retningslinjene for fartsdempande tiltak i kollektivtrasear vert lagt til grunn i planlegginga på fylkesvegnettet i Hordaland.

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 21.02.2017

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser positivt på at det er etablert retningslinjer for fartsdempande tiltak i kollektivtrasear.
2. Fylkesutvalet ber om at retningslinjene for fartsdempande tiltak i kollektivtrasear vert lagt til grunn i planlegginga på fylkesvegnettet i Hordaland.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser positivt på at det er etablert retningslinjer for fartsdempande tiltak i kollektivtrasear.
2. Fylkesutvalet ber om at retningslinjene for fartsdempande tiltak i kollektivtrasear vert lagt til grunn i planlegginga på fylkesvegnettet i Hordaland.

PS 36/17 Miljøprogram 2017

Forslag til vedtak

1. Utval for miljø og samferdsel utnemner følgjande representantar til arbeidsutval for miljøpris:
 - 1.....
 - 2.....
 - 3.....

2. Utval for miljø og samferdsel vedtek følgjande fordeling av post 716.1 Miljø for 2017:

Miljøpris	70 000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	300 000
Tilskot til lokale miljø- og klimaprojekt	445 000
SUM	815 000

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Stein Inge Ryssdal (H) gjorde framlegg om Geir Angeltveit (V) som representant til arbeidsutval for miljøpris.

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) gjorde framlegg om leiar og nestleiar i utval for miljø og samferdsel som representantar i arbeidsutvalet: Nils T. Bjørke (Sp) og Marthe Hammer (SV).

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med forslaga frå Ryssdal og Byrknes vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- Utval for miljø og samferdsel utnemner følgjande representantar til arbeidsutval for miljøpris:
 - Nils T. Bjørke (Sp)
 - Marthe Hammer (SV)
 - Geir Angeltveit (V)
- Utval for miljø og samferdsel vedtek følgjande fordeling av post 716.1 Miljø for 2017:

Miljøpris	70 000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	300 000
Tilskot til lokale miljø- og klimaprojekt	445 000
SUM	815 000

PS 37/17 Omklassifisering av eksisterande strekningar på E134 i samband med bygging av Stordalstunnelen i Etne kommune - ny høyring

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tilrår følgjande klassifisering:

- Delstrekning A: Vegstrekninga hp 8 frå ca. meter 11500 til hp 8 ca. meter 14000 (Lauareid-Håland), vert omklassifisert frå riksveg til kommunal veg.
- Delstrekning C: Vegstrekning frå hp 9 ca. meter 715 til hp 9 meter 2490 (Bakka-Håland), vert omklassifisert frå riksveg til kommunal veg.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Atle Kvåle (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, SV, Frp, V og MDG fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

Fylkesutvalet tilrår følgjande klassifisering:

- Delstrekning A: Vegstrekninga hp 8 frå ca. meter 11500 til hp 8 ca. meter 14000 (Lauareid-Håland), vert framleis klassifisert som riksveg.
- Delstrekning C: Vegstrekning frå hp 9 ca. meter 715 til hp 9 meter 2490 (Bakka-Håland), vert framleis klassifisert som riksveg.

Røysting

Kvåle sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 12 røyster mot 3 røyster (H) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tilrår følgjande klassifisering:

- Delstrekning A: Vegstrekninga hp 8 frå ca. meter 11500 til hp 8 ca. meter 14000 (Lauareid-Håland), vert framleis klassifisert som riksveg.
- Delstrekning C: Vegstrekning frå hp 9 ca. meter 715 til hp 9 meter 2490 (Bakka-Håland), vert framleis klassifisert som riksveg.

PS 38/17 Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for strekninga Bergen Busstasjon – Nyborg ved Ikea, på dei vilkåra som er spesifiserte i punkt 1-2:

1. Det skal ikkje utførast lokaltransport med ruta.
2. Vognmateriell som vert nytta i drifta skal ha Euro VI-motor.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Vognmateriell skal følge samme mål og standard som for øvrig ambisjoner for all buss- og kollektivmateriell i tråd med vedtatte klimamål og strategi for nullutslippskjøretøy i Bergensområdet.

Fylkesutvalget vil appellere til Ikea sin ambisjon om samfunnsansvar og bærekraft og oppfordrer om at det vurderes nullutslippsteknologi.»

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande avgasstandarden.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Rasmussen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vert utsett til neste møte.

PS 39/17 Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2016

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2016 til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2016 til orientering.

PS 40/17 Søknad frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner ikkje søknad av 05.01.17 frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – IKEA.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner ikkje søknad av 05.01.2017 frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - IKEA.

PS 41/17 Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s - søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna godkjenna Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s sin søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Ranavik.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

På grunn av ein inkurie står det «Sunde og Ranavik» i fylkesrådmannen sitt forslag. Det er gjort ei redaksjonell endring til Sunde og *Jektevik*.

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna godkjenna Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s sin søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik.

PS 42/17 Prinsippsak om val av standard på gang- og sykkelveg etter rekkefølgjekrav

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet stiller seg bak at det vert etablert ei alternativ løysing til gang- og sykkelveg som ikkje går langs med fylkesvegen. Den alternative løysinga må framstå som ein attraktiv skuleveg.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at kommunen får ansvaret for å drifte og vedlikehalde den alternative løysinga.
3. Fylkesutvalet set krav til utforminga av det alternative tilbodet, ved at den må:
 - Vere universelt utforma
 - Ha 3 meter breidde
 - Ha fast dekke
 - Ha god belysning
 - Vere rassikra, og sikrast for stein-/snøsprut frå fylkesvegen
4. Fylkesutvalet legg til grunn at ei etablering av ei alternativ løysing ikkje binder fylkeskommunen til eit framtidig ansvar for skuleskyss langs strekningen på bakgrunn av «farleg skuleveg».

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Astrid Aarhus Byrknes (A) sette på vegner av A, SV, Sp, KrF, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet stiller seg bak at det vert etablert ei alternativ løysing til gang- og sykkelveg som ikkje går langs med fylkesvegen. Den alternative løysinga må framstå som ein attraktiv skuleveg.

Fylkesutvalet vil peike på at både Nedre trasé og Åsen vert vurdert, men vil påpeike at alternativ 1, Nedre trasé, kan synest mindre trafikksikker, blant anna ved at den ikkje synest å gå heilt inn til Hosanger.

2. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkeskommunen ikkje får ansvaret for drift og vedlikehald for den alternative løysinga.
3. Fylkesutvalet set krav til utforminga av det alternative tilbodet, ved at den må:
 - Vere universelt utforma
 - Det kan akseptert ned mot 2,5 meters breidde - ha fast dekke
 - Ha god belysning
 - Vere rassikra, og sikrast for stein-/snøsprut frå fylkesvegen
4. Fylkesutvalet legg til grunn at ei etablering av ei alternativ løysing ikkje binder fylkeskommunen til eit framtidig ansvar for skuleskyss langs strekninga på bakgrunn av «farleg skuleveg».

Røysting

Byrknes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet stiller seg bak at det vert etablert ei alternativ løysing til gang- og sykkelveg som ikkje går langs med fylkesvegen. Den alternative løysinga må framstå som ein attraktiv skuleveg.

Fylkesutvalet vil peike på at både Nedre trasé og Åsen vert vurdert, men vil påpeike at alternativ 1, Nedre trasé, kan synest mindre trafikksikker, blant anna ved at den ikkje synest å gå heilt inn til Hosanger.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkeskommunen ikkje får ansvaret for drift og vedlikehald for den alternative løysinga.

3. Fylkesutvalet set krav til utforminga av det alternative tilbodet, ved at den må:

- Vere universelt utforma
- Det kan akseptert ned mot 2,5 meters breidde - ha fast dekke
- Ha god belysning
- Vere rassikra, og sikrast for stein-/snøsprut frå fylkesvegen

4. Fylkesutvalet legg til grunn at ei etablering av ei alternativ løysing ikkje binder fylkeskommunen til eit framtidig ansvar for skuleskyss langs strekningen på bakgrunn av «farleg skuleveg».

PS 43/17 Fråsegn til søknad frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om ruteløyve for strekninga Bergen - Lillehammer

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til at søknad av 17.11.2016 frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap, om ruteløyve for strekninga Bergen - Lillehammer vert imøtekomen. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett følgjande vilkår for ruteløyvet:

- a) Ruteløyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen - Indre Arna.
- b) Nye bussar som vert anskaffa og nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande avgasstandard.
- c) Hordaland fylkeskommune vert gjeve fullmakt til å gje pålegg om kva trasé og haldeplassar ruta skal nytte i Hordaland.
- d) Takstregulativet skal ha rabattordningar for studentar, tenestepliktige, barn og honnør.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune rår til at søknad av 17.11.2016 frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap, om ruteløyve for strekninga Bergen - Lillehammer vert imøtekomen. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett følgjande vilkår for ruteløyvet:

- a) Ruteløyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen - Indre Arna.
- b) Nye bussar som vert anskaffa og nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande avgasstandard.
- c) Hordaland fylkeskommune vert gjeve fullmakt til å gje pålegg om kva trasé og haldeplassar ruta skal nytte i Hordaland.
- d) Takstregulativet skal ha rabattordningar for studentar, tenestepliktige, barn og honnør.

PS 44/17 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.03.2017

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 33-43/17.

ORIENTERINGAR

Sekretariatsleiar for Byvekstavtale Adelheid Nes orienterte om status for forhandlingane om byvekstavtalen.

Nytt frå Skyss v/direktør Oddmund Sylta:

- Hjul som har losna frå Tide-bussar (sjå skriftleg svar på innsend spørsmål nedanfor).
- Plan for innføring av lav- og nullutsleppsteknologi for bussane i Hordaland.
- Trafikkplan for båt.
- Snøggbåten «Ekspressen» er sett inn på sambandet Askøy - Bergen.

Nytt frå Statens vegvesen v/rådgjevar Kaisa Tonheim Banne:

- Det nye kollektivfeltet og gang- og sykkelvegen i Fyllingsdalen vart opna i går.
- Komande vegopningar: Storeskaret - Arefjordspollen og Buamyr - Grimstveit i juni. Stokkebekken - Siggjavåg og Røksund i Eikeland i Bømlopakken vert opna etter 15. juni.
- Statens vegvesen har fått World Architecture News sin pris Small Places Awards for rasteplassen ved Skjervefossen.

I samband med orienteringa frå Statens vegvesen sette **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** fram slikt spørsmål:

«Korleis prioriterer Statens vegvesen sine planressursar i samband med prosjekta i Hordaland som vert omfatta av prosjektet «Ferjefri E39» og kva er status og framdrift i desse prosjekta?

Det gjeld dei fire prosjekta Ringveg aust, Eikefet-Romarheim, Nyborgtunnel og Hordfast.»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

INNSENDE SPØRSMÅL

Marthe Hammer og Einar Horvei (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Viser til sak i Bergens Tidende der [«Tide busser mister hjulene, sjåførar roper varsku»](#)

Dersom det som kjem fram i saka er riktig, er dette svært alvorlig.

Spørsmål til samferdsledirektøren:

- Det som kjem fram i saka er svært alvorleg, kan samferdsledirektøren stadfeste at det som kjem fram i saka er riktig?

Skyss har tildelt Tide kontrakten med å kjøre buss i Bergensområdet, både halde bussar og drifte dei med personell og vedlikehald.

- På kva måte er vedlikehald og trafikk sikre bussar omfatta av kontrakten mellom Skyss og Tide?
- Dette er ikkje første gang hjul losnar på bussar i Bergensområdet. På kva måte har Skyss følgd opp det som kjem fram i saka no og tidlegare?
- Kva vil Skyss gjere vidare for å sikre trafikk sikre og trygg bussdrift for både trafikantar og bussjåførar?»

Direktøren for Skyss svarte slik:

«Kulepunkt 1:

Dei faktiske hendingane er av Tide Buss skildra som følgjer:

- «29.09: Bergen Sør- hjul løst, ikke gjennomført ettertrekking etter dekkskift.
- 03.10: Bergen Sør- hjul falt av, ikke gjennomført ettertrekking etter dekkskift.
- 10.10: Bergen Nord- hjul falt av, ikke gjennomført ettertrekking.
- 07.11: Bergen sentrum-hjul falt av, har vært inne til service hjul har vært av i forbindelse med dette, riktig hjul har ikke blitt ettertrukket.
- 17.11: Hardanger/Voss-hjul løst, ikke gjennomført ettertrekking etter dekkskift.
- 06.12: Bergen Sentrum hjul løst ikke gjennom ettertrekking etter hjul har vært av i forbindelse med reparasjon.
- 16.12: Voss /Hardanger- hjul falt av skyldes manglende ettertrekking.»

Felles for dei i alt 7 hendingane knytt til hjul som enten var lause eller fall av, er at hjula etter montering ikkje har blitt ettertrekte etter til gjeldande rutinar. Dei 7 hendingane er hendingar som er svært alvorlege og også uakseptable. På tyngre kjøretøy er det eit krav at hjula vert ettertrekte etter at hjulet har vore avmontert. Tide sine bussar gjennomgår kvart år obligatoriske kontrollar i tillegg til at Tide følgjer bussprodusentens anbefalingar knytt til service og vedlikehald. Alt arbeid som vert utført på Tide sine bussar vert utført av fagautoriserte og godkjende verkstader, og Tide sine rutinar og prosedyrar er sertifisert etter ISO 9001 og

OHSAS 18001. Som ein konsekvens av dei 7 hendingane har Tide Buss gjennomgått gjeldande rutinar samt innført eit ekstra som inneber sikring/låsing også før ettertrekking er utført.

Kulepunkt 2-4:

Skyss ser svært alvorleg på omfanget av hendingar med hjul som var lause eller har falle av. I kontraktane Skyss har med busselskapa går det klart fram at alle bussar i drift skal tilfredsstillende dei til ein kvar tid tekniske krav i høve til offentlege bestemmelsar, samt at alle bussar skal vere skadefrie. Skyss forventar også at operatørane tar hand om tryggleiken. Dette ansvaret er ein grunnleggande føresetnad som er regulert i vegtrafikklova og kjøretøysforskriftene. I kontraktane vi har går det klart fram at alle bussar skal kontinuerleg vere underlagt eit førebyggjande vedlikehaldssystem som sikrar at bussane til ein kvar tid er i forskriftsmessig stand og i samsvar med krav stilt frå Skyss, samt at operatør skal ha eit iverksett og dokumentert kvalitetssikringssystem for å sikre høg kvalitet på utføring av oppdraget.

Det er ikkje stilt eksplisitte krav til kontraktane til rapportering frå busselskap til Skyss på enkelthendingar av denne typen. Utgangspunktet er at lovverket skal følgjast, og om dette ikkje blir gjort, står busselskapet ansvarleg overfor andre instansar enn Skyss. Kvalitet i leveransen er tema på faste møte Skyss har med operatørselskapa, og særskilte hendingar blir diskutert og følgt opp. På grunn av omfanget av hendingar med hjul som har falle av, er det innleia dialog med Tide Buss om hendingane og naudsynte tiltak for oppfølging og forbetring.»

Renate Møgster Klepsvik (Frp) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Kapasitet på ferjesambandet Hufthamar - Krokeide

Eg syner til meldingar på Fosen Namsos sine nettsider, der det vert opplyst at ferje 2 i sambandet er innstilt «inntil vidare» grunna tekniske problem på anna samband. Frå andre hald har eg fått opplyst at ferja ikkje vil vera attende før i juni måned.

Ferje 2 i sambandet Hufthamar - Krokeide er kome til som eit spleiselag mellom Hordaland fylkeskommune og Austevoll kommune. I kontrakten heiter det at ferja kan vera reserveferje for andre samband i inntil 8 veker planlagt, og inntil 20 enkeltdagar.

Spørsmål:

1. Kor mange veker/dagar har ferje 2 vore innstilt til no i 2017?
2. Kva vert gjort for å sikra å få ferje 2 attende i sambandet Hufthamar Krokeide før?
3. Kan Hordaland fylkeskommune krevje at sambandet har to ferjer (som kontrakt) i ekstra travle tider som påskeferie og konfirmasjonshelgar?»

Direktøren for Skyss svarte slik:

«Avtalen vedr. reserveferje:

Gå som ferje 2 i Krokeide-Hufthamar: 45 uker pr. år
Planlagt verkstedopphold for 5 fartøy: 7 uker pr. år (49 dager)
I tillegg kan ferjen trekkes ut 20 dager pr. år. ved. driftsavbrudd

Samlet planlagt og ikke planlagt 69 dager pr. år.

Status hittil i 2017

Ferje 2 har hittil vært 38 dager ut av sin rute på sambandet Krokeide - Hufthamar.

Det er uklart når MF Fosen vil være tilbake i drift etter uhellet ved Hatvik kai.

Fosen Namsos jobber konkret med å få på plass reserveferje slik at en har nok kapasitet og til de kommende store utfartshelger som påske og helger i mai. Skyss følger dette opp.»

Nils T. Bjørke (Sp) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Spørsmål 1:

Koordinering av buss og ferjer.

Har fått mange innspel om manglande samordning mellom buss frå Bergen og ferje Kvanndal-Utne. Kva kan gjerast for å samordna dette.

Spørsmål 2:
13/3 er Utne tilbake i trafikk Utne-Kvanndal, med fleire gjenstående bilar. Korleis vil Skyss fylgja opp dette?»

Direktøren for Skyss svarte slik:

«Spørsmål 1:

Når det gjeld planlagde avgangar med buss og ferje er det god samordning mellom buss på linje 925 og ferja Kvanndal - Utne. Vi er klar over at det på grunn av arbeid i Tokagjelet har vore avvik den siste tida, dette gjeld for så vidt trafikken fleire stader i indre Hardanger. Arbeidet i Tokagjelet vart avslutta førre tysdag, så dette bør ikkje lenger vere eit problem. Vi er også klar over at ein enkelte ettermiddagar slit med å halde tida med bussen frå Bergen, men her er det dialog mellom busselskapet og ferjemannskapet som gjer at det ikkje er manglande korrespondanse som vi kjenner til. Dersom det skulle vere korrespondansar der samordninga ikkje fungerer, ønskjer Skyss konkrete innspel på til dømes avgangstidspunkt slik at dette kan blir følgd opp.

Spørsmål 2:

Rv. 13 forbi Deildo er heilt stengt i fem veker frå måndag 27. februar, noko som gjev endringar for trafikken med buss og ferje. Det er sett inn båt for buss mellom Lofthus kai og Børve, og i tillegg er det sett inn ekstra avgangar på ferjesambandet Kinsarvik - Utne med ferja MF Jondal. På sambandet Kvanndal - Utne trafikkerte ferja MF Gloppen dei første 2 vekene. No er ferja MF Utne attende og sambandet har normal kapasitet.

I forkant av stengingsperioden vart det gjort vurderingar i samråd med Statens vegvesen av kva konsekvensar vegstenginga vil få og kva som var naudsynte tiltak. Ut frå erfaringar frå tidlegare trafikkalt samt at det var utfordringar med å skaffe tilleggs kapasitet på grunn av allereie planlagde verkstadsopphald, vart det vurdert at MF Utne trafikkerte sambandet som normalt dei siste 3 vekene av stengingsperioden. MF Utne skulle ut frå tidlegare erfaringar ha tilstrekkeleg kapasitet, men at ein på ein skilde avgangar måtte rekne med attstående bilar.

Erfaring frå dei første dagane MF Gloppen trafikkerte sambandet (pr. 9. mars) viser at det var attstående laurdag 4. mars ved avslutning av vinterferie og dårlige værmeldingar samt attstående på ein avgang 9. mars. I tillegg var det var 2 avgangar måndag 6. mars der alle bilane på MF Gloppen ikkje ville fått plass på MF Utne.

Norled melder at etter at MF Utne er tilbake i ruta frå 13. mars har det vore ein avgang med gjenstående, 3 vogntog.

Skyss følgjer utviklinga på sambandet nøye opp i samråd med operatøren.»

YMSE

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) bad om skriftleg svar på følgjande spørsmål:

- «Hvor mange klager har en fått på sanntidsinformasjonssystemet? Ber om å få statistikk over hvor mange feil dette systemet har i løpet av en angitt tidsperiode. Med feil menes f.eks. hvor mange busser som ikke ligger inne i systemet, feilmerking av busser, samt andre feil som medfører at systemet ikke gir korrekt informasjon til passasjerene.
- Antall klager og feil der busser er merket med feil navn/nummer på tavlene.
- Antall klager, og registreringer der avganger blir kansellert eller bussene ikke går i ruten de skal.
- Vurdering av innføring av «kansellert»-merking for busser som ikke eksisterer/kommer til å gå.»

Atle Kvåle (A) bad om skriftleg svar på følgjande spørsmål:

«**Verdikort ferje**

Er det Hordaland fylkeskommune som har fullmakt til å bestemma rammene for verdikort på fylkesferjer, eller er det Samferdselsdepartementet?

Dersom det er departementet, har Hordaland fylkeskommune hatt dialog om å overta ansvaret, evt. kva er Hordaland fylkeskommune blitt møtt med av argument/hindringar.

Kva bestemmelsar gjeld?»